# HAR DU SJEKKA SNØSKREDVARSELET?

## KVA ER FAREGRADA?

## KVA ER SKREDPROBLEMET?

## HAR DU VALT TUR ETTER EVNE OG FORHOLD?

VARSOM.NO > SNØSKRED > SKREDSKOLEN > SKREDKORT

### Reduser risiko – vurder turen gjennom tre filter

**FILTER 1 – TURPLANLEGGING – FØR TUREN**

**Sjå skredvarselet på varsom.no**

- **Kva er varsla faregrad?** Sjå baksida for meir informasjon om faregradene.
- **Kva er gitt som skredproblem** og kor i terrenget er problemet mest framtredande**?**
- **Korleis er vêrmeldinga** (sikt, vind, nedbør og temp. – påverkar vêret skredfaren)**?**

**Kva gjer du?**

- **Planlegg turen på kartet, både tur og retur.**
  Bruk tilgjengelege guidebøker. Vurder alternative ruter
- **Marker kritiske område på kartet**
  (der du kan vente å treffe på skredproblem). Ute i terrenget er det **framfor** dei kritiske områda de må vurdere om det er forsvarleg å fortsette.
- **Ver ei lita gruppe** (< 4) **på tur.**
  Då er det mykje lettare å kommunisere, ta gode val og å halde auge med kvarandre.

**KONTROLLSPØRSMÅL FØR TUR:**
Passar denne turen for deg og di turgruppe – under dei varsla forholda – i dette terrenget?

På **varsom.no** får du tips til tryggare ferdsle og korleis skredfaren kan vurderast.

### Faregradskala for snøskred

**SKALAEN FORTEL OM:** Sjansen for naturleg utløyste og menneskeutløyste skred
• Kor mykje av terrenget som er potensielt skredfarleg • Kor store skreda er venta å bli.

**NB! Skredfareskalaen er eksponentiell.**
**Sjansen for snøskred aukar til det dobbelte for kvar grad skalaen aukar.**

| | |
|---|---|
| 4 | **STOR** – Utløysing er sannsynleg sjølv ved lita tilleggsbelastning. Fjernutløysing sannsynleg. Ved spesielle tilhøve er det venta mange middels store og nokre store naturleg utløyste skred. |
| 3 | **BETYDELEG*** – Utløysing muleg, sjølv ved lita tilleggsbelastning. Fjernutløysing muleg. Under spesielle tilhøve kan det førekomme nokre middels store og enkelte store naturleg utløyste skred. |
| 2 | **MODERAT*** – Utløysing muleg, spesielt ved stor tilleggsbelastning. Store naturleg utløyste skred er ikkje venta. |
| 1 | **LITEN** – Utløysing generelt berre muleg ved stor tilleggsbelastning i nokre få heng. Berre små naturleg utløyste skred er muleg. |

*DEI FLESTE FATALE SKREDULUKKENE SKJER VED FAREGRAD 2 OG 3, OG DET ER OFTAST OFFERET SJØLV SOM UTLØYSER SKREDET.

**Faregrad 5 førekjem særs sjeldan** – Ved faregrad 5 vert all ferdsle fråråda.

Ferdsle i skredterreng krev at du kan identifisere mulege skredproblem og at du har evne til å handtere desse.

**Skredterreng:** Utløysingsområde > 30°
Utløpslengde ≈ 3 × høgda av henget.

VARSOM.NO > SNØSKRED > SKREDSKOLEN > SKREDKORT

### Reduser risiko – vurder turen gjennom tre filter

**FILTER 2 – OMRÅDEVURDERING – VED TURSTART**

**Kva gjer du?**

- **Ser du noko som er annleis enn du trudde ved turplanlegginga?**
  Er sikten god slik at du klarer å vurdere terrenget rundt deg? Observerer du varsla skredproblem? Finst det andre skredproblem? Er det andre turgåarar i nærleiken, slik at dei kan komme over eller under dykk i terrenget? Hugs å stoppe og vurdere **før** kritiske område!

**KONTROLLSPØRSMÅL:** Let turen seg gjennomføre? Er alle einige?
Viss ikkje, følg alternativ rute eller snu!

**FILTER 3 – ENKELTHENGVURDERING – KRITISKE VAL**

**Kva gjer du?**

- **Ser du noko som er annleis enn du trudde ved turplanlegginga?**
  Er skredproblemet til stades i dette henget? Dersom ja, kva er sjansen for naturleg utløyst skred eller at di turgruppe kan utløyse skred? Finst det terrengfeller (tre, stup eller søkk i terrenget som kan fyllast opp)? Finst det trygge stoppestader slik at berre ein om gangen kan eksponere seg?

**KONTROLLSPØRSMÅL:** Let det seg gjere å gå opp, køyre, krysse eller gå under henget? Er alle einige? Viss ikkje, følg alternativ rute eller snu!

30° 40° 30° 40°

### HUGS ALLTID:

- **Har du sjekka skredvarselet?**
  (Faregrad, skredproblem og kor i terrenget?)

**Ved turstart**

- **Gruppesjekk – fungerer S/M?**
- **Har alle spade og søkestang?**
- **Er alle einige om turen?**

**Heile tida**

- **Kommunikasjon innad i gruppa**
- **Orientering – kva slags terreng har du rundt deg?**
  (Utløysingsområde, terrengfeller, utløpssoner)
- **Bruk gunstige terrengformer** (f.eks. ryggar)

**På veg opp**

- **Avlastningsavstand – minimum 10 meter når det er brattare enn 30°**

**På veg ned**

- **Ein og ein ned terreng brattare enn 30°.**
- **Stopp berre på trygge stoppestader.**

25° 30° 35° 40° 45°

Hellingsmålar for kart i målestokk 1:50 000 / Ekvidistanse 20 m

MÅLING AV ENKELTHENG UTE I TERRENGET

varsom.no

Hugs at det kan vere store lokale variasjonar i snøforholda. Den som ferdast i skredutsatt lende er sjølv ansvarleg for å vurdere skredfaren på staden. NVE tilrår at alle som har planar om å ferdast i skredutsett terreng tilegnar seg tilstrekkeleg kunnskap om snøskred. Dette gjer du best ved å delta på skredkurs. I utgangspunktet er alt snødekka terreng skredutsett, men sannsynligheita for å løyse ut skred er bestemt av snøforhold, terreng og belasting som vert påført snødekket.

Foto: Birgit Katrine Rustad/NVE